



Hjarthdal
kommune

ÅRSMELDING FRÅ
KONTROLLUTVALET

2020

VETAKS

VESTFOLD, TELEMARKE OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

INNHALD / KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING / 2022

1	Innleiing	03
2	Rammer for kontrollutvalet	04
3	Økonomi	06
4	Samansetjing av kontrollutvalet	08
5	Kompetanse og opplæring	10
6	Sekretariat	12
7	Revisjon	13
8	Arbeidet til kontrollutvalet – møte og saker	14
8.1	Rekneskapsrevisjon	16
8.2	Forenkla etterlevingskontroll	18
8.3	Forvaltningsrevisjon	20
8.4	Eigarskapskontroll	24
8.5	Andre saker	26
9	Konklusjon og avsluttande kommentar	27

I. Innleiing

Kontrollutvalet skal årleg rapportere om aktiviteten og resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret. I samband med dette leverer kontrollutvalet ei samla årsmelding for utvalet sitt arbeid.

Årsmeldinga skal gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, instruks, forholdet til revisjonen og sekretariatet, og dei viktigaste sakene som er handsama gjennom året. Årsmeldinga bør sjåast i samanheng med vedtekne planar.

2. Rammer for kontrollutvalet

Kommunestyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal føre løpande kontroll med kommunen si verksemd på kommunestyret sine vegner.

Ansvaret til kontrollutvalet følgjer av kommunelova §23-2 første ledd: «Kontrollutvalget skal påse at


- a. kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c. det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»

Utover dette kan kontrollutvalet ta opp alle spørsmål ved verksemda til kommunen som er knytte til utvalet sitt ansvarsområde. Det er berre lovverket, kommunestyret og utvalet sjølv som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver og saker, eller avgrense kva saker utvalet kan handsame.

Kontrollutvalet har omfattande innsynsrett. Blant anna kan utvalet utan hinder av teieplikt, krevje alle opplysningar, utgreiingar eller dokument og gjere dei undersøkingar som det finn nødvendig for å gjennomføre oppgåvene sine.


Utvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert andsama. Utvalet sin leiar kan la ein av dei andre medlemmene i utvalet utøve denne retten på sine vegner. Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen.


Kontrollutvalet har ikkje høve til å føre kontroll med kommunestyret eller overprøve politiske prioriteringar eller kor politisk føremålstenleg eit vedtak er. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg om kommunestyret eller anna folkevald organ er i ferd med å treffe eller har treft eit ulovleg vedtak.



Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret (bystyret eller fylkestinget), kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektør og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse.

For at dette samspelet skal fungere, er det nødvendig at aktørane kjenner både si eiga og kvarandre sine roller.





3. Økonomi

For å utøve funksjonen sin på ein god måte ber kontrollutvalet kommunestyret om økonomiske rammer som gjer den nødvendige aktiviteten for å oppfylle kontrollutvalet sitt mandat mogleg.


Kontrollutvalet er etter Forskrift om kontrollutvalg og revisjon pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i kommunen.

Rekneskapstala for den samla kontrollverksemda i kommunen kjem fram av kommunen sin samla årsrekneskap. På neste side følgjer budsjett- og rekneskapstal for 2022.

	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2022
FAST TELEFONGODTGJERSLE	1 000	999,95
KM.GODTGJERSLE SKATTEPLIKTIG		207,76
FAST GODTGJERSLE UTVALSLEIAR/-MEDLEMMER	30 000	25 193,88
MØTEGODTGJERSLE FASTE UTVAL	9 000	7 056,00
TAPT ARBEIDSFORTENESTE	15 000	2 325,00
ARBEIDSGJEVARAVGIFT	5 000	3 792,89
AVISER OG FAGTIDSSKRIFT	6 000	2 125,00
Ekstra bevilging revisjonsrapport Russmarken AS	180 000	181 764,00
KOMMUNAL BEVERTNING	4 000	1 773,69
KURS- & OPPLÆRING	50 000	5 900,00
SKYSS- & KOSTGODTGJERING - TENESTEREISER	5 000	1 372,00
TRANSPORT, ÅRSavgifter		3 700,00
ANDRE avgifter	4 000	0,00
DATAUTSTYR	0	
Sekretariatstenester VETAKS IKS	141 000	141 000
Revisjonstenester TKR IKS	404 000	406 477
SUM	450 000	375 085,18

I vedlegg revisjon, er føring på kr. 2 125,- på revisjon ompostera til kontrollutval under aviser og fagtidsskrift. I vedlegget, under post tenester til særbedrifter er sekretariat og ekstrabevilging til revisjonsrapport Russmarken slått saman, denne er dela i oppsettet.

Kontrollutvalet har bruka litt under budsjett i 2022. Underforbruket er i hovudsak på postane kurs, bevertning og tapt arbeidsforteneste. Kontrollutvalet har holdt seg innafør budsjett i 2022.



4. Samansetjing av kontrollutvalet

Krav til sjølvstende og nøytralitet i kontrollutvalet sitt arbeid fører til at medlemmane i utvalet ikkje kan ha verv som kan komme i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Difor er det strenge krav for å vere valbar for medlemmane av kontrollutvalet jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Val av kontrollutvalet skal skje på det konstituerande møtet før val av andre utval og nemnder. Utvalet skal ha minst fem medlemmar og minst ein av desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar. Leiaren av utvalet kan ikkje vere medlem av same parti eller høyre til same gruppe som ordføraren. Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalet sine medlemmar i valperioden, men då må heile utvalet veljast på nytt.

FASTE MEDLEMMAR

Leiar	Olav Tho (SP)
Nestleiar	Roger Lind (AP)
Medlem	Audun Solberg (KRF)
Medlem	Ingrid Flatland (SP)
Medlem	John Andreassen (SP)

VARAMEDLEMMAR

Vara for SP


Vara nr. 1	Signe Lonar (SP)
Vara nr. 2	Ken Henry Skeie (SP)
Vara nr. 3	Gunn Tove Johnsen (SP)

Vara for AP

Vara nr. 1	Arne Loftsgarden (AP)
Vara nr. 2	Anita Cecilie Haugen (AP)
Vara nr. 3	Kaja Marie Kleppen (AP)

Vara for KRF:

Vara nr. 1	Sverre Haugan (KRF)
------------	---------------------



5. Kompetanse og opplæring

Det vert stilt stadig større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse, både frå det politiske miljøet og kommunen sine innbyggjarar. Kunnskap om kontrollutvalet si rolle, oppgåver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Opplæring og kursverksemd kan skje lokalt (haust- og vårkonferanse i regi av VETAKS) eller gjennom sentrale tilbud. Kontrollutvalet vert kvart år invitert til Kontrollutvalgskonferansen i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og Fagkonferansen i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Dette er viktige samlingar for å tilføre kontrollutvalet sine medlemmar ny kunnskap, og det er arenaer der kontrollutvalsmedlemmar frå heile landet møtest og drøfter saker og arbeidsmetodar. Det blir vidare gitt opplæring i ulike tema i kontrollutvalet sine møte frå sekretariatet, revisjonen og administrasjonen.

Kontrollutvalet har i dag ei god samansetjing av kompetanse, men dei aukande krava frå omgivnaden til det faglege nivået, og utfordringane for kommunen, medfører at utvalet framleis har trong for å utvikle sin kompetanse. Kontrollutvalet ynskjer difor å halde kurs- og konferanseaktiviteten ved lag i det kommande året.

NKRF sin digitale kontrollutvalgskonferanse 02-03.02.2022

Eit medlem deltok på konferansen

Tema:

- Kartlegging av klimaendringene i Norge–hva fant vi?
- Hvorfor trenger det grønne skiftet kontrollutvalg?
- Hvordan styre en kommune etter bærekraftmålene?
- Rettsikkerhet, åpenhet m.m.–s tatus i kommune-Norge
- Korrupsjonsrisiko i kommunesektoren
- Varsling i kommuner– Erfaringer og perspektiv

Fysisk Fagsamling for kontrollutvalg 20. – 21. april 2022 på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen.

Ingen deltok på konferansen.

Tema:

- Kommuneregnskapet for politikere
- Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet
- Kontrollutvalget og varsling
- Mediehåndtering
- Kommunikasjonsstrategi
- Kontrollutvalget og misligheter
- IT-sikkerhet i kommunene


Vetaks IKS arrangerte haustkonferanse i Porsgrunn 21.11.2022

Leiar og eit medlem deltok på Vetaks IKS sin haustkonferanse.

Tema:

- Barnevernreformen Hva betyr det for kontrollutvalgene? v/Tønsberg kommune barnevernleder Ellen Fisher og fagrådgiver Vibeke Arnesen
- Forvaltningsrevisjoner i regi av Riksrevisjonen v/ avdelingsdirektør i forvaltningsavdelingen Stig-Olof Olsson.
- Balansen mellom politikk og kontroll v/ kontrollutvalgsleder Bamble kommune og stortingsrepresentant Bård Hoksrud





6. Sekretariat

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i utvalet. Sekretariatet skal etter koml. § 23-7, 2. ledd sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at utvalet sine vedtak vert iverksett. Sekretariatet hjelper vidare kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytt til administrasjon, rådgiving og koordinering. I det daglege arbeidet er sekretariatet bindeleddet mellom kontrollutvalet, revisjonen og administrasjonen, og utfører oppgåver på vegner av kontrollutvalet.

Kommunen er medeigar i, og kontrollutvalet får sekretariathjelp frå Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (VETAKS). Kommunen er medeigar i VETAKS, og kostnadene for sekretariatet sine tenester vert fordelte etter eigen fordelingsnøkkel.

Med oppdrag for 34 kommunar og 2 fylkeskommunar i Agder og Vestfold og Telemark er VETAKS det største kontrollutvalssekretariatet i landet. Sekretariatet har 10 tilsette og fast sekretær for kommunen er Marianne Lundeberg. Dagleg leiar er Line Bosnes Hegna.

Sekretariatet er sjølvstendig i høve til kommunen sin administrasjon og den eller dei som utfører revisjon for kommunen. Det er strenge grenser for kven som kan vere tilsette i sekretariatet. Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinene og pålegga som utvalet gir.

Sekretariatet si heimeside er www.vetaks.no. Her finn de ytterlegare informasjon om kontrollutvalet og sekretariatet.



7. Revisjon


Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester frå Vestfold og Telemark revisjon IKS. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevingskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunen. I tillegg kan revisor utføre andre oppdrag etter avtale.

Selskapet leverer revisjonstenester til 23 kommunar og ein fylkeskommune. Kostnadene til revisjon er baserte på ein avtale mellom kommunen og selskapet, og inneheld dei revisjonstenestene som kommunen etter avtalen får levert. Det er også mogleg å bestille andre prosjekt og oppdrag frå revisjonen.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Lisbet Fines, og Teamleiar rekneskapsrevisjon / hovudrevisor er Elizabeth Kasin, Kirsti Torbjørnson og Bente Hegg Ljøsterød er oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Kontrollutvalet har et ansvar for å sjå til at det vert gjennomført revisjon av kommunen og at den vert gjennomført etter gjeldande standardar og regelverk. I dette ligg mellom anna at revisor kvart år legg fram eigenvurdering av sjølvstende, overordna revisjonsplan / revisjonsstrategi og orienterer i kvart møte om det pågåande revisjonsarbeidet basert på revisjonsstrategien.

Revisjonen si heimeside er www.vtrevisjon.no. Her finn de mellom anna rapportar frå revisjonen.



8. Arbeidet til kontrollutvalet – møte og saker

Kontrollutvalet har i 2022 halde 4 møte og handsama 27 saker. Til samanlikning blei det i 2021 gjennomført 4 møte og handsama 29 saker. Det er ein generell auke i aktivitet dei siste åra i kontrollutvala.



Kontrollutvalet sin aktivitet, hvis ein ser på antall saker varierar litt fra år til år. Men stort sett lik frå tidlegare periodar.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført fjernmøte alle møta er gjennomført som fysiske møte.


Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum med unntak av dei tilfella der det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet. Saksdokumenter og protokollane vert fortløpande lagt ut på sekretariatet si heimeside: www.Vetaks.no/Hjartdal/motedokument

Administrasjonen blir ved fleire høve invitert til kontrollutvalet for å orientere om ulike verksemdsområde i kommunen. Kontrollutvalet ønskjer å vere synleg og ha god kontakt med leinga i kommunen. Kommunedirektør, ordførar og representantar for kommunedirektøren har delteke på fleire av møta i utvalet, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i arbeidet sitt.

Kontrollutvalet har fleire ulike verktyg for å gjennomføre arbeidet sitt.



KONTROLLUTVALET'S VERKTØYKASSE – VERKEMIDDELTRAPPEN



8.1 Rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskapen er ein sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gi tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gir om økonomien sin.

Revisor er ein sjølvstendig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekkje og førebyggje feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å bidra til å førebyggje og avdekkje feil og misleghald.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av oppgåvene sine, er viktige føresetnader for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I samband med ny kommunelov er oppgåvene til revisor knytt til rekneskapsrevisjon noko utvida. Revisor skal frå og med 2020 etter kommunelova § 24-5: «se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.»

Nytt for rekneskapsrevisor er altså kravet om å sjå på avvik frå budsjettpremissar og rapportere på dette som ein del av revisjonsmeldinga. I ny kommunelov er det i § 14-6 også innført krav om at kommunen utarbeider ein samla rekneskap for kommunen, eller såkalla konsolidert årsrekneskap som omtala i kommunal rekneskapsstandard nr. 14. Dette er ikkje gjeldande for Hjartdal.

Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon

Formålet med den overordna revisjonsstrategien for rekneskapsrevisjon er å informere kontrollutvalet på eit overordna nivå om den revisjonsstrategi revisor har lagt for rekneskapsåret 2022. I henhold til god revisjonsskikk er planen for revisjonen dynamisk for å ta hensyn til eventuelle endringar. Denne saka er handsama i utvalet i møte 28.09.22 sak 16/22.

Kontrollutvalet si uttale til Hjartdal kommune sin årsrekneskap 2021 i møtet 11.05.2022 sak 10/22:

Kontrollutvalet sin uttale til Hjartdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2021:

Kontrollutvalet har handsama Hjartdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 8 676 853.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekt beløp på kr 193 561.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 19.04.2022. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapskikk. Revisor har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som krev atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga og har avlagt ei «normalmelding».

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2021.

Kontrollutvalet tilrår at Hjartdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021 vert godkjend.

Uttala vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Revisor sin rapport til kontrollutvalet for rekneskapsåret 2021 - Hjartdal kommune

Hjartdal kontrollutvalg har behandlet saken i møte 11.05.2022 sak 9/21

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at det blir gjennomført forsvarleg revisjon. Dette er blant anna ivaretatt ved at rekneskapsrevisor gjennom året møter i kontrollutvalet og orienterar om gjennomført revisjon. Kontrollutvalet vil få lagt fram rapport frå rekneskapsrevisor for Hjartdal kommune. Rapporten gjer greie for utført revisjon på ulike område i samband med årsoppgjeret og revisjon utført gjennom året. Rapporten saman med orientering frå revisor gjennom året dannar grunnlaget for kontrollutvalet sin mogelegheit til å ivareta sitt ansvar.

Vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport for årsrekneskapen 2021 og munnleg orientering til vitande.

Uttala vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Mislege handlingar

Av kommuneloven § 24-5 siste ledd går det fram at revisor gjennom revisjon skal bidra til å førebygge og avdekke misleghetar og feil.

Vidare går det fram det av § 24-7 første ledd bokstav e, at revisor skal gje skriftlege meldingar om «enhver mislighet». Ein misleghet er i revisjonsstandarden ISA 240 definert som: «En bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.»

Revisor har ikkje rapportert om nokon mislege handlingar til kontrollutvalet i 2022. Revisjonen har ikkje oppdaga mislege handlingar i arbeidet med rekneskapskapen i 2021.



8.2 Forenkla etterlevingskontroll

Det går fram av kommunelova at revisor er pålagt å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollen skal vere basert på ei risikovurdering, og den skal gjennomførast med moderat tryggleik. Kontrollutvalet blir orientert om risikovurderinga og resultatet av kontrollen.

I kommunelova § 24-9 er rekneskapsrevisor gitt i oppgåve å gjennomføre ein forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga:

“Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen»

Lova føreset at kontrollen vert gjennomført med avgrensa ressursar og resultatet er basert på moderat tryggleik. Kontrollen skal utførast i tråd med revisjonsstandarden RSK301.

Uavhengig revisors attestasjonsuttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga -Forenkla etterlevingskontroll 2021 - Hjartdal kommune

Hjartdal kontrollutval har handsama saka i møte 28.09.2022 sak 15/22

Revisjonen har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga i Hjartdal kommune på følgande område:
Kontroll av etterberekning av opphaldsbetaling for bebuarar i institusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og bevis som er henta inn er vi ikkje blitt merksame på noko som gir oss grunn til å tru at Hjartdal kommune ikkje i det alt vesentlege har følgd reglane i kapittel 1 i Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester ved etterberekning av opphaldsbetaling for bebuarar i institusjon.

Vedtak

Kontrollutvalet tek dokumentet «Uavhengig revisors attestasjonsuttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga - Hjartdal kommune» til vitande.

Risiko- og vesentlegheitsvurdering for forenkla etterlevingskontroll 2022 - Hjartdal kommune

Hjartdal kontrollutval har handsama saka i møte 28.09.2022 sak 17/22

Problemstillingar

Formålet med kontrollen er å evaluere i kva grad kommunen etterlever dei administrative retningslinene for utbetalingar til flyktningar i kommunen.


· Er utbetalingar til flyktningane i kommunen i tråd med dei administrative retningslinene?

Avgrensing

I denne kontrollen vel vi å sjå på eit utval utbetalingar til flyktningar i 2022. Vi vil berre sjå på utbetalingar kor retningslinene er brukt og ikkje bistand til flyktningar etter sosialtenestelova

Vedtak

Revisjonen sin risiko- og vesentlegheitsvurdering for forenkla etterlevingskontroll vert teken til vitande.



8.3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, oppnår fastsette mål, og om ressursane vert effektivt forvalta.

Av kommunelova § 23-3 går det fram at:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planene.»

Kontrollutvalet er delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei overordna risikovurdering, innanfor dei rammer som er gitt av kommunestyret. Forvaltningsrevisjon gjer det mogleg for kontrollutvalet å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Det er vidare mogleg å gjennomføre forvaltningsrevisjonar i selskap kommunen har eigarinteresse i. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i kommunen sin internkontroll og forbetningsarbeid.



Kontrollutvalet handsama i møtet 25.05.20 sak nr. 11/20 Risikovurdering – plan for forvaltningsrevisjon for Hjartdal kommune for perioden 2020-2023 utarbeidd av Vestfold og Telemark revisjon IKS. Planen er godkjend av kommunestyret i møtet 16.09.20 sak 51/20. Prioriterte område i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023:

Område som blir prioritert i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023:

Forvaltningsrevisjon

- 1 Helse og omsorg, tildeling av ressursar
- 2 Barnevern. Mogleg saman med Notodden, (bytta ut med Russmarken VA AS i 2021)

Forvaltningsrevisjonsrapport VA-Utbygging i Russmarken - Hjartdal kommune

Hjartdal kontrollutvalg har handsama saken i møte 09.03.2022 sak 1/22

Møtebehandling

Forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridskleiv la fram forvaltningsrevisjonsrapport VA-Utbygging i Russmarken.

Presisering i møtet frå forvaltningsrevisor: rapporten har vært på høring i møte med kommunen, men har også vært oversendt på høring før den ble sendt ut.

Medlem Ingrid Flatland tok opp spørsmål om sin habilitet ved behandling av saken.

Kontrollutvalget vurderte henne ugild etter FVL § 6 andre ledd.

Vedtak

Kontrollutvalet tar rapporten frå Vestfold og Telemark revisjon IKS til etterretning med fylgjande presiseringar som er kortversjonen av svar frå Vestfold og Telemark revisjon IKS på relevante spørsmål.

Kvifor har kommunen enda opp med eit reinseanlegg som Statsforvaltar ikkje vil godkjenne?

Dei som har hatt ansvar for å prosjektere og bygge reinseanlegget har ikkje hatt tilstrekkeleg kompetanse. Det meiner vi er den mest sannsynlege årsaka til at kommunen no sit med eit reinseanlegg som ikkje oppfyller gjeldande krav.

Informasjon om reinseanlegget – har styre, generalforsamling og kommunestyre fått og handsama relevant informasjon?

Vi meiner at styret i RVA og kommunestyret ikkje har fått relevant informasjon om reinseanlegget til rett tid.

Kva vurderingar er gjort i samband med refusjonssaka?

Kommunestyret godkjente i 2012 RVA sine planar om å finansiere delar av utbygginga med refusjon etter plan- og bygningslova kapittel 18. Det blei fatta mellombels refusjonsvedtak. Då utbyggingane nærma seg ferdig i 2019, ville RVA sette opp rekneskap som skulle vere grunnlaget for endeleg fastsetting av refusjon. I samband med dette arbeidet blei det oppdaga feil ved saka frå 2012. Det var gjort feil vurderingar og vedtak om kven som var pliktige til å betale refusjon og kva kostnadar som kunne krevjast refundert.

Var sakene om vassforsyning forsvarleg greidd ut?

Sakene som gjaldt vassforsyning blei undersøkt i forvaltningsrevisjonen frå 2018, men då avgrensa til om risikoen og dei økonomiske konsekvensane var forsvarleg utgreidd. Vi meiner at sakene om vassforsyning jamt over gir gode grundige omtaler av kva saka gjeld og det er greidd ut fleire alternative vasskjelder.

Vasskvalitet - oppsummering

RVA har planlagt og bygd eit vassforsyningsanlegg som er godkjent av Mattilsynet. Etter at vassverket ble sett i drift, viser vassprøver for høge kimtal i leidningsnettet. Det er ueinigheit mellom dei ulike fagmiljøa om kva som er årsaka til dette og kva som må gjerast for å betre vasskvaliteten. Kommunen overtok vassforsyningsanlegget i oktober 2021.

Kontrollutvalet har merka seg:

- Kommune og selskap har ikkje hatt tilstrekkeleg kompetanse.
- Fagperson i kommunen med motførestillingar har blitt sett på sidelinja.
- Tidlegare kommunale leiarar i perioden har sagt nei til å ta del i arbeidet til revisor.
- Kommunen har tatt på seg eit svært stort garantiansvar.

Kontrollutvalet ber om at Vestfold og Telemark revisjon IKS v/ Anne Hagen Stridskleiv blir invitert til å legge fram rapporten i kommunestyret.

Vedtak i Kommunestyret – 16.03.2022:

Saka blei tatt til vitande, med merknader frå kontrollutvalet, og at det rettast ei orsaking til dei fagpersonane som er berørte.

Handsaming i Kommunestyret – 16.03.2022:

Ordførar innleia kort, forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridskleiv gjekk gjennom rapporten.

Saka blei debattera.

Forslag frå repr. Audun Dølen AP:

"Det rettast ei orsaking til dei fagpersonane som er berørte."

Votering:

Kontrollutvalet sitt vedtak og forslag frå Dølen einstemmig vedtatt

Attendemelding - Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Helse og omsorg - Hjartdal kommune

Hjartdal kontrollutvalg har handsama saken i møte 11.05.2022 sak 8/22


Møtehandsaming

Kommunalsjef Helse og omsorg Ingunn Espesett Vreim møtte å svare for kva administrasjonen har gjort for å følge opp anbefalingane frå rapporten. Kommunalsjef Mona Slaaen var tilstades og svara på spørsmål og ga kommentarar til saka.

Skriftleg attendemelding vert sendt til sekretariatet som legg den ut som vedlegg til saka.

Vedtak

Saka vert teken til vitande.



8.4 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei av dei lovpålagde oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa ligg under demokratisk styring og kontroll.

I kommunelova § 23-4 står dette om eigarskapskontroll:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll for inneverande valperiode blei lagt fram for kontrollutvalet i møtet 25.05.20 sak nr. 11/20

Planen blei godkjend av kommunestyret i møtet den 16.09.20 sak nr. 51/20.

Kontrollutvalet har fullmakt til å prioritere kva selskap som skal kontrollerast.

I planen ligg følgjande selskap til prioritering:

Eigarskapskontroll

- Styringsdialog og samordning av føringar

a. Tema: i selskap med fleire eigarar.

- Prosjektet er utgått, da kontrollutvalet har prioritera Russmarken VA AS sjå under kapitell 8.3 forvaltningsrevisjon for informasjon om saka.

Kontrollutvalet har ikkje hatt orienteringar eller befaringar i andre selskap i 2022

-

8.5 Andre saker

Kontrollutvalet har i tillegg til tidlegare nemnde saker handsama følgjande:

- Orientering om prosess kring tilsetting
- Uavhengighetserklæring 2021 - forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Årsmelding for kontrollutvalet
- Orientering om bemanningssituasjon
- Vurdering av om oppdragsansvarleg revisor er uavhengig
- Henvending frå Tuddal hytteforening "Varsel om uregelmessigheter i Hjartdal kommunes regnskaper og selvkostanalyser for vann og avløp"
- Vurdering av om oppdragsansvarleg revisor er uavhengig
- Budsjett for kontrollutvalsarbeid og revisjon
- Orientering om nytt renseanlegg i Sauland
- Orientering om refusjonsaka i samband med vann og avløp rekneskapen til Russmarken VA AS
- Orientering om kommunedirektøren sitt forslag til handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett
- Møte- og arbeidsplan

9. Konklusjon og avsluttande kommentar

Årsmeldinga vert med dette lagt fram for kommunestyret. Ved å sjå møte- og arbeidsplan og årsmelding i samanheng, kan kommunestyret sjå om dei vedtekne oppgåvene og målsettinga for kontrollutvalet er eller blir følgde opp.

Kort oppsummering av hovudtendensane eller kva som har skjedd siste året.

- Kontrollutvalet har dei siste to- tre åra hatt fleire innspel og førespurnadar spesielt i saka om Vassutbygginga i Tuddal. Elles er det få skriftlege førespurnader frå innbyggjarar og presse. Medlemmene har munnleg fått nokre førespurnader som har ført til orienteringar i utvalet. Kontrollutvalet har og på eiga initiativ tatt opp saker.
- Kontrollutvalet sine møter har vore gjennomført fysisk i 2022.
- Eit av møta vart avlyst, da det var lite saker til møtet.
- Det har ikkje vore gjennomført besøk i verksemder i 2022.
- Vedteken plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll vert fortløpande følgde opp.
- Kontrollutvalet har utført og følgd opp sine oppgåver i tråd med vedteken møte- og arbeidsplan.

Hjartdal 15.02.23

Olav Tho
Leiar

Marianne Lundeberg
Utvalet sin sekretær/ rådgjevar

An abstract graphic consisting of several thin white lines that form a series of overlapping, rounded shapes and curves, resembling a stylized 'S' or a series of connected loops. The lines are set against a solid teal background.

VETAKS

VESTFOLD, TELEMAR OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

VETAKS.NO